

Den store folkevandringa

- då lokalavisene blei Noregs største redaksjon



Metoderapport SKUP 2022



«Den store folkevandringa»

Tomas Bruvik, Per Christian Magnus og Bergit Sønstebo Svendseid - på vegner av vanvitig mange.

NRK, Landslaget for lokalaviser (LLA) og Senter for undersøkende journalistikk (SUJO)

Kontaktinfo:

Prosjektleiar i NRK Bergit Sønstebo Svendseid

+47 48 11 51 03

bergit.sonstebo.svendseid@nrk.no

Innhald

1 - Slik starta det

1.1. Innleiing

1.2. Ideen om det journalistiske samarbeidet

2 - Det journalistiske arbeidet

2.1. Felles research

2.2. Datagrunnlaget

2.3. Deling av research

2.4. Redaksjonell dugnad

3 - Utfordringar

3.1. Datagrunnlaget

3.2. Kapasitet i redaksjonane

3.3. Delektultur

4 - Resultat

4.1. Publiserte saker

4.2. Konsekvensar

5 - Kva lærte vi?

Vedlegg:

Deltakande redaksjonar

Utvalde publiserte saker

Kapittel 1: Slik starta det

1.1. Innleiing

I ei bygd i øykommunen Sande på Sunnmøre sit 76 år gamle Bjørg og ventar på ferja med heimehjelpa. Om ikkje lenge må ho kanskje flytte om ho vil ha hjelp. Av dei 19 elevane i avgangsklasse på ungdomsskulen i Hyllestad i Ytre Sogn er det berre seks tilbake – resten har flytta til byar rundt om i Noreg. I kommunane i Midt-Gudbrandsdalen er innvandrarane redningsmenn – utan dei hadde befolkninga vore dramatisk redusert. Kva skjer med bygdene våre?

Det undersøkande samarbeidsprosjektet «Den store folkevandringa» er historia om flyttestraumane som sakte endrar landet vårt.

For sjølv om vi ofte kan lese om familien som har valt å flytte frå byen til bygda, går dei store flyttestraumane motsett veg. Folketalet i distrikta har gått nedover dei siste 20 åra, og det vil truleg gjere det også dei neste 20. Statistisk sentralbyrå slo i august 2020 igjen fast at veksten i folketal dei komande åra først og fremst vil kome i sentrale strok, medan mange distriktskommunar vil få nedgang i folketalet.¹

Kvífor flyttar folk og kvar flyttar dei til? Kvífor har ein ikkje klart å snu trenden? Kva konsekvensar får det, for næringsliv, eldreomsorg, bustadpolitikk, natur og kultur? Kva tiltak har blitt gjort, og veit vi om dei har fungert? Dette ville vi undersøke.

For å grave djupare i årsaksforklaringar, politiske avgjerder og konsekvensar, laga vi Norges største redaksjon.

NRK, Landslaget for lokalaviser (LLA) og Senter for undersøkande journalistikk (SUJO) bestemte seg for å saman undersøke migrasjon og fråflytting, fordi det er eit tema der det mangla undersøkande journalistikk. Vi ville finne ut kor flyttestraumane gjekk, om tiltaka til kommunane fungerer og kva konsekvensar det får om dei ikkje lukkast. For å gjere det måtte vi lage undersøkande journalistikk ikkje berre på dei nasjonale trekka, men i flest mogleg kommunar. 99 lokalaviser sa dei ville vere med.

Resultatet blei over 600 saker frå redaksjonar over heile landet.

1.2 Ideen om det journalistiske samarbeidet

Lokalavisene har ein unik kunnskap om sine nærområde. NRK har ressursane og storleiken til å drive undersøkande journalistikk. Kva om vi brukte desse to styrkane til å lage journalistikk om eit tema som er viktig over heile landet?

Ideen var å skape eit datagrunnlag om flyttestraumar, årsaker og konsekvensar som aldri hadde blitt grave fram før. I fellesskap ville vi lage journalistikk basert på datagrunnlaget og som ville resultere i saker som elles ikkje ville blitt laga. Saman ville vi gi publikum både sakene om dei nasjonale trekka og om konsekvensar på bakken rundt om i heile Noreg. Ingen av oss ville greidd det åleine.

¹ <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/voksen-de-byer-og-aldrende-bygder>

Å samarbeide om journalistikk har ikkje blitt gjort i dette omfanget før i Noreg. Vi var spente på om det ville la seg gjere. Ville små lokalavisar klare å sette av tid til undersøkande journalistikk? Ville vi finne viktige og nye data til kvar einaste kommune? Og korleis skulle vi klare å dele research og samarbeide om saker med så mange deltagande redaksjonar?

Kapittel 2: Det journalistiske arbeidet

2.1. Felles research

Den fyrste innleiande kartlegginga vi gjorde, viste oss at det var mykje vi ikkje visste: Både om flyttestraumane, om individua som flyttar på seg og kva endringane i befolkninga fører til.

Hausten 2019 starta NRKs researchsenter med kjeldekartlegging og utarbeiding av ei større spørjeundersøking til alle norske kommunar. Vi ville vite kva konsekvensane av flyttemønstera var lokalt, og kva distriktskommunar gjorde for å motverke fråflytting. Det fanst forsking på tilflyttingstiltak, men inga fullstendig oversikt over slike tiltak i alle norske kommunar. Det fanst heller ikkje tal på kor mykje pengar som blei brukt verken nasjonalt eller lokalt på å få folk til å busette seg i distrikta, eller kva effekt tiltaka har.

Sjølv om Statistisk sentralbyrå publiserer tal for folketalsutviklinga for alle kommunar med jamne mellomrom, visste vi lite om dei faktiske flyttemønstera. Kor flyttar folk til når dei melder flytting frå ein kommune, og kor kjem dei nye innbyggjarane til ein kommune frå? Det var kunnskap verken vi eller dei fleste kommunar sat med, og difor bestilte vi eit spesialuttrekk av flyttetal *mellom* kommunar dei siste 20 åra frå SSB. Dedikerte sentrale researchressursar blei viktig i eit prosjekt der mange små redaksjonar hadde knapt med tid.

I februar 2020 etablerte vi ein **fellesredaksjon** med journalistar frå både lokalavisene og fleire redaksjonar i NRK. Oppdraget var å levere datasett og fakta for alle kommunar i landet, og å finne kjelder, historier og moglege vinklingar.

Etter ein månads arbeid grupperte fellesredaksjonen funna slik:

- Befolkningsutvikling – kor blir vi av?
- Innvandring – korleis påverkar innvandring folketalet i kommunane?
- Omsorgsmangel – kva konsekvensar får fråflytting for helsetilbodet i kommunane?
- Tilflyttingstiltak – kva gjer kommunane, og korleis verkar det?
- «Løvetannkommunar» - kven får det til, og korleis?
- Motstemmer i debatten – kan ein snu flyttestraumane, eller er det på tide å gi opp?

Prosjektet blei utsett då koronapandemien kom, men hausten 2020 starta vi opp igjen. Researchen som hadde blitt gjort vinteren før måtte oppdaterast og utviklast vidare. Ein ny fellesredaksjon blei sett ned, og gruppa fekk to månadar på seg til å ferdigstille researchen før lokalavisene og redaksjonar i NRK skulle få tilgang til han. Dei støtte på nye utfordringar.

2.2. Datagrunnlaget

Den store folkevandringa nyttar ein kombinasjon av opne kjelder og eigne undersøkingar for å danne eit datagrunnlag for journalistikk om flyttemønster og konsekvensar for norske kommunar. Ein viktig del av datagrunnlaget var flyttetal for kvar enkelt kommune i heile landet, med inn- og utflyttingar dei siste 20 åra. Desse fekk vi ved å bestille eit uttrekk frå SSB som spesiallaga datasetta for oss.

For å få data om tilflyttingstiltak i kommunane, sende vi ut ei **spørjeundersøking til alle kommunane i landet** i to omgangar. I questbackundersøkinga til kommunedirektørane fokuserte vi på to hovudtema: Tilflyttingstiltak og helsepersonell. Researchen viste at folk på bygdene ikkje berre blir færre dei neste 20 åra, men dei blir også mykje eldre og meir pleietrengande.

Tilflyttingstiltak var viktig å kartlegge fordi det ikkje fanst ei fullstendig oversikt over kva type tiltak norske kommunar har for å tiltrekke eller halde på innbyggjarar. Det fanst heller inga oversikt over kor mykje pengar verken staten eller kommunane bruker på tilflyttingstiltak.

Sidan vi stod midt i ein pandemi, ville vi også undersøke om pandemien hadde påverka måten kommunane arbeidde med tilflyttingstiltak på. Vi spurde difor spesielt om tilrettelegging for desentraliserte arbeidsplassar, og kommunane sitt syn på kva tiltak det er viktig at staten stiller opp med.

Ei mogleg feilkjelde når ein skriv om flyttemønster er at mange ikkje melder flytting til folkeregisteret når dei flyttar frå ein kommune. Dette gjeld til dømes mange studentar. Dei økonomiske konsekvensane for kommunane kjem i hovudsak når skatteinntekter forsvinn. Likevel er det relevant for ein kommune å vite kor unge flyttar for å kunne innrette tilflyttingstiltak rett. Unge kan ha budd i fleire ulike kommunar før dei melder flytting, gjerne når dei får arbeid etter ferdig utdanning. Researchen vår avdekkja at **desentralisert utdanning** er eitt av få verkemiddel som forskarar har dokumentert at har effekt. Kor ungdommen flyttar for å få utdanning, kan difor vere viktig informasjon for ein kommune som treng både innbyggjarar og kompetanse.

For å få eit betre bilet av kor unge flyttar, fekk vi henta ut tal frå Samordna opptak på kor studentar møtte til studiestart. Dette gav lokalavisene eit betre bilet av kor kommunen sine ungdommar blei av når dei skulle studere. Bømlo-nytt² var blant avisene som seinare brukte tala til å fortelje lesarane kor mange studentar som reiste til blant anna Bergen og Stavanger. Dei intervjuja både studentar som hadde reist frå kommunen og yngre ungdomar som snart skulle velje utdanning.

Kombinasjonen av flyttestraumane og ei aldrande befolkning viste oss ein annan, viktig tendens: **Mangel på helsepersonell**. SSB peikte på at det dei neste 20 åra vil bli fleire og fleire kommunar med kritisk mange eldre samanlikna med arbeidsføre yngre. Samstundes er det allereie mangel på sjukepleiarar og anna helsepersonell. Spørjeundersøkinga vi sende ut til kommunane inneheldt difor også spørsmål om tilgangen på helsepersonell, og om kommunane hadde eigne tiltak for rekruttering av helsepersonell.

² Bømlo-nytt dekker Bømlo kommune og har eit opplag på 3633. Avisa har fire redaksjonelt tilsette.

Kartlegging av opne kjelder, samtaler med forskarar, samansetning av tal og informasjon i kombinasjon med vår eiga spørjeundersøking, gjorde at vi sat igjen med ein brei research. Nokre funn peika seg spesielt ut:

- **Innvandring har berga folketalet i mange norske distriktskommunar.**

Samsetting av opne tal frå Imdi og sentralitetstal vi henta ut frå SSB gav oss eit bilet som ikkje var kjent frå før; kor stor del av folketalet i distriktskommunar som innvandrarar står for. Kommunar som tilsynelatande har hatt ei stabil folketalsutvikling ville hatt klar *folketalsnedgang* utan arbeidsinnvandrarar og flyktningar. For fyrste gong kunne vi vise kor stor del av folketalet innvandrarar utgjer i dei 209 minst sentrale kommunane i landet. Men no var trenden i ferd med å snu, og tala vi fann viste at innvandringa hadde bremsa opp allereie før koronapandemien.

- **Mangelen på helsepersonell vil bli alvorleg, særleg for dei minst sentrale kommunane.**

Questbackundersøkinga viste at mange kommunar allereie hadde tilbod om ekstra startløn eller andre goder for å trekke til seg sjukepleiarar. Saman med tal og informasjon vi fekk frå Sykepleierforbundet, viste svara at kommunar overbyr kvarandre for å få tak i helsepersonell som sjukepleiarar. Spørjeundersøkinga viste også at éin av tre kommunar ikkje veit om dei vil kunne gi heimebaserte tenester til alle i framtida.

- **Rundt 70 prosent av norske kommunar hadde tilflyttingstiltak.**

Mange av kommunane svarte at koronapandemien hadde fått dei til å tenke nytt. Men blant tiltaka som kan gjere kommunar meir attraktive, hadde dei mest tru på tiltak i statleg regi. Øvst på ønskelista står statlege arbeidsplassar i distrikta, saman med garantert utbygging av breiband.

Då grunnresearchen var ferdig, heldt vi ein felles ideverkstad der vi arbeidde fram 200 ulike idear til saker. Nokre av ideane blei til berande saker for prosjektet, og heile lista ble gjort tilgjengeleg for alle redaksjonane som deltok i "Den store folkevandringa".


2.3. Deling av research

Researchen skulle delast med alle dei 99 påmelde lokalavisene og redaksjonar i NRK. Å dele store mengder data og anna research med så mange, var nybrottsarbeid. Datagrunnlaget og researchen måtte kunne delast på ein pedagogisk og enkel måte. Blant avisene var det både små og store redaksjonar, og ulik digital kompetanse. Med mange deltakarar var Sharepointmapper og googledocs-dokument därlege verktøy. Vi måtte difor finne ei digital løysing som var enkel å bruke for alle.

Erfaring frå liknande samarbeidsprosjekt internasjonalt³ var at ein bør unngå å bygge eigen teknologi for å dele research, om det finst eksisterande program som kan løyse behovet. Vi ønskte blant anna eit verktøy som kunne visualisere dataa om flyttemønster, der vi kunne gjere mest mogleg av researchen søkbar på kommune, og der vi kunne dele svara vi hadde henta inn i spørjeundersøkingane vi hadde hatt ute hos norske kommunar. Valet fall til slutt

³ <https://www.collaborativejournalismhandbook.org/building-a-tool-set-for-journalism-collaborations/>

på programmet PowerBI. Det oppfylte behovet prosjektet hadde for å visualisere datasett og anna research på den korte tida vi hadde. Totalt hadde vi 11 datasett vi skulle dele.




Ei gruppe av redaktørar frå nokre av lokalavisene⁴ gav innspel til arbeidet med det som blei heitande ”Folkevandringsportalen”. Portalen visualiserte flyttetala inn og ut av kvar kommune i perioden 2000-2019. Tala var delte på kjønn, og ein kunne samanlikne ulike kommunar. Alle datasett kunne lastast ned. Alle svara frå spørjeundersøkinga var også tilgjengelege i portalen, og kvar redaksjon kunne finne svara frå sin kommune.

Innhaldet i portalen var delt inn slik:

- Grunnresearch: dokument med research og kjeldelister for ulike tema,
- Fråflytting: tal på flyttingar frå kvar kommune dei siste 20 åra, delt på kommunar og kjønn.
- Tilflytting: tal på tilflyttingar til kvar kommune dei siste 20 åra, delt på kommunar og kjønn.
- Kommune mot kommune: verktøy for å samanlikne flyttetal frå ulike kommunar.
- Framskrivingar: SSB sine framskrivingar for folketal dei neste 20-30 åra.
- Skuleflytting: tal henta ut frå Samordna opptak over kor studentar frå ulike kommunar møtte til skulestart, sortert på kommunar og utdanningsstadar.
- Kommunekartlegging: spørjeundersøkinga vi hadde sendt til alle norske kommunar, søkbar på kommune med oversikt over kva kommunen hadde svart på kvart spørsmål.
- Rekruttering av sjukepleiarar: svar frå spørjeundersøkinga på spørsmål om rekruttering av helsepersonell for kvar kommune.
- Tilflyttingstiltak: svar frå spørjeundersøkinga på spørsmål om tilflyttingstiltak for kvar kommune.
- Idear til saker: liste med 200 idear til saker og tips på kommunenivå.

⁴ Suldalsposten, Arbeids Rett, Hemnes Avisa og Vest-Telemark Blad.



Vi delte Folkevandringsportalen med alle lokalavisredaksjonane på eit digitalt oppstartsmøte 8. mars 2020. 70 aviser og over 120 personar fekk presentert researchen, dei digitale verktøya og kva støtte dei kunne få undervegs i arbeidet. Alle deltakande redaksjonar fekk så ein felles sperrefrist 12. april. Planen var ein felles publiseringperiode på tre veker.

2.4. Redaksjonell dugnad

Det som skjedde i vekene mellom overlevering av researchen og sperrefristen var avgjerande for journalistikken som kom ut av prosjektet. Datagrunnlaget var omfattande, og mange av redaksjonane hadde ikkje kapasitet til å sette av ressursar til omfattande undersøkingar. Fleire hadde også behov for meir kompetanse om undersøkande metode.

Digitale verkstadrom

Løysinga blei å skape møteplassar der ein kunne dele journalistiske idear og vegar gjennom datagrunnlaget til sak. Avisene blei delte inn i tre grupper, og SUJO stilte med rettleiarar som var tilgjengelege i digitale “verkstadrom” kvar morgen. Redaksjonar med overlappande dekningsområde blei plasserte i ulike grupper.

I verkstadromma delte ein idear til saker, stilte spørsmål til researchen og diskuterte journalistiske grep. Avisene fekk hjelp til å finne fram til tal og fakta i Folkevandringsportalen og korleis dei kunne bruke dei til å lage saker. SUJO sine reportasjeleiarar sytte for framdrift og fagleg påfyll undervegs. Dei gav tips om kjelder, innsyn, systematikk, intervju teknikk, historieforteljing og viste veg gjennom researchen. Dei var også tilgjengelege for avisene utanom verkstadromma, og dei hjelpte til med å vidareutvikle idear og publiseringssplanar.

For særleg dei minste og konsernuavhengige avisene blei verkstadromma eit fagleg fellesskap med kollegaer i heile landet, som ein ikkje har til dagleg. Journalistiske idear som ei avis kom opp med, kunne adopterast av ei anna avis som deltok i same verkstadrom og tilpassast til avisas nedslagsfelt. Dette såg vi særskild når det gjaldt arbeidsinnvandring. Den eine redaksjonen etter den andre brukte researchen systematisk til å kartleggje kor stor del av deira innbyggjarar som var arbeidsinnvandrarar. Dette var ei gruppe som i stor grad hadde gått under radaren deira. Dei delte også erfaringar med korleis dei skulle kome i

kontakt med dei. Dette skapte unike diskusjonar om journalistikk. Ein redaksjonell dialog redaksjonar imellom.

I tillegg til verkstadromma blei det arrangert “kompetanselunsjar” på ein halvtime kvar veke. Blant temaa var å drive undersøkande journalistikk lokalt, historieforteljing på nett, korleis lage saker som treff unge og kursing i grafikkverktøyet Datawrapper.



Planen var at verkstadromma skulle opphøyre ved sperrefristen, men då han kom forstod vi at vi berre var i gong. Fleire av redaksjonane sat no med lange lister med idear til saker som dei måtte legge ein plan for. SUJO bestemte seg difor for å halde fram med verkstadromma to dagar i veka i tre veker til. No var prosjektet over i ein ny fase: redaksjonane delte saker dei hadde publisert, diskuterte framgangsmåtar og metode og inspirerte kvarandre til det vidare arbeidet.

Til saman blei det halde 48 verkstadrom frå 9. mars og ut april månad. 62 journalistar og redaktørar deltok. Fleire redaksjonar stilte jamleg med både to og tre journalistar og redaktørar. Avisene som deltok i verkstadromma publiserte i snitt tre gonger så mange artiklar som dei som ikkje deltok.⁵

Fleire har i etterkant gitt utrykk for at prosessen i verkstadromma var viktig, og at fellesskapen med kollegaer andre stader i landet gav verdi. Redaktør Nils Kåre Nesvold i Fjell-Ljom⁶ sa dette om verkstadromma til Medier24: “Vi fikk utveksle erfaringer med andre redaksjonar, vi lærte av dem, og vi håper de lærte av oss.” Mellom verkstadromma kommuniserte deltakarane i ei lukka Facebook-gruppe med rundt 220 medlemmer. Etter sperrefristen blei gruppa eit forum der dei kunne dele saker og stille spørsmål til kvarande, eller til datagrunnlaget.

⁵ Ei evaluering gjort i mai viste at dei 47 avisene som hadde delteke i verkstadromma til då hadde publisert til saman 422 saker. Dei 54 som ikkje hadde deltatt hadde publisert 132 saker.


⁶ Fjell-Ljom er lokalavis for Røros og Holtålen. Avisa har fire redaksjonelt tilsette og eit opplag på 2526.

Deling av publiseringssplanar og saker

Omfanget av deltakande redaksjonar og omsynet til redaksjonell fridom førte til at ein ikkje gjorde noko forsøk på å lage ein felles, overordna publiseringssplan. NRK laga ein publiseringssplan for planlagde saker og delte denne og førehandsvisning av sakene i digitale fellesmøte med alle avisene. Nokre av avisene la opp til å publisere sine saker i same tematiske rekkefølge som NRK.

LLA la ut døme på saker i sin "Idébank" på nett (www.llla.no/idebanken). Her delte avisene også metoden bak sakene. Der kunne redaksjonar som jobba med saker om til dømes flyttetal eller helsepersonellmangel finne døme på saker andre redaksjonar i prosjektet hadde laga. Å dele saker og metode førte til større produksjon og betre kvalitet på sakene. Redaksjonar som ikkje hadde meldt seg på prosjektet kunne også lære av sakene som blei delt i Idébanken.

Eit døme er det vi kalla "Klassebiletet-sakene".⁷ Ideen kom opp i det felles idéarbeidet, og kan synast enkel; ein finn fram til eit årskull og eit klassebilete, og sporar opp alle i klassa. Kor mange er blitt buande i kommunen? Kor har det blitt av dei som har reist? Og kva skal til for at dei flyttar tilbake? I praksis både kravde ideen meir og gav meir enn vi hadde føresett. Det var vanskeleg å få tak i alle i eit årskull, og redaksjonane delte metodar for å få kontakt gjennom til dømes sosiale medium. Sakene gav også eit breitt kjelde tilfeng. Ved å snakke med alle i eit skulekull fekk redaksjonane innsikt i årsaker til kva som gjer at nokon reiser og nokon blir, men også i lokale samfunnsproblem som mobbing og utanforskap.



Klassebildet kunne også vere eit bilete på Noreg. NRK brukte ideen til å illustrere flyttemønster i Noreg dei siste 20 åra ved å ta utgangspunkt i ei klasse i Hyllestad

⁷ <https://llla.no/idebanken/viser-flyttestraumane-pa-kart/>

kommune i Ytre Sogn.⁸ Dette er éin av kommunane der det knapt blir fødd barn lenger, og ikkje nok til å oppretthalde folketalet. I 2019 blei det berre fødd fem barn der. På klassebiletet finn ein eitt av svara på kvifor. Berre seks av elevane bur framleis i kommunen. Berre ei av jentene har kome tilbake etter utdanning. Saka fortel historia hennar, men også historia til klassevenninnene som har busett seg i Førde, Bergen og Oslo, og illustrer slik flyttestraumane frå bygd til by. Straumar som ikkje berre går til dei store byane, men no også i stor grad til regionale sentrum som Førde.

Ein felles idé blei til dei bærande sakene i prosjektet “Den store folkevandringa”. Fleire redaksjonar melde om at nettopp desse sakene førte til spesielt gode lesartal.



Aviser som starta å publisere så seint som i månadsskiftet mai/juni peika på deling av saker frå andre redaksjonar som årsaka til at dei bestemte seg for å gå laus på datagrunnlaget for sin kommune, sjølv om dei i utgangspunktet hadde vurdert at dette ikkje var noko dei hadde kapasitet til. Avisa Vestavind⁹, som består av redaktør og éin journalist, var ei av dei. Dåverande redaktør, Irene Flatnes Haldin, sa det enkelt: “Det var lettare å jobbe med dette når eg fekk sjå kva andre aviser gjorde”.

Kapittel 3: Utfordringar

3.1. Datagrunnlaget

Datagrunnlaget og tematikken blei etter kvart omfattande. Utsetjinga frå planlagd publisering våren 2020 til våren 2021 endra også datagrunnlaget. Kommunesamanslåingane som blei gjeldande frå 1. januar 2020 gjorde samanlikning av ulike data meir utfordrande, og vi valde å halde på dei gamle kommunane. Å skulle bruke dei nye kommunane ville gitt oss

⁸ https://www.nrk.no/vestland/xl/folkevandringa_fraflytting-av-ungdom-forer-til-fldre-og-faerre-barn-pa-bygda-1.15425204

⁹ Vestavind dekker Sveio kommune i Vestland. Avisa har to redaksjonelle tilsette og eit opplag på 1582.

eit tynnare datagrunnlag, fordi SSB enno ikkje hadde omgjort tal i deira databasar til 2020-kommunar. Dei politiske vedtaka og tiltaka i kommunane var uansett dei gamle kommunane sitt ansvar. Det var også viktig å kunne gå 20 år tilbake for å kunne ansvarleggjere skiftande regjeringar. Verken høgre- eller venstresida hadde klart å gjere noko med flyttestraumane medan dei sat ved makta.

Spørjeundersøkinga vi sende ut til alle norske kommunar var avgjerande for å få dataa vi trond for å undersøke både omfang og effekt av tilflyttingstiltak, sjukepleiarmangel og fleire andre tema. Men å få svar frå alle kommunar var svært vanskeleg. Fellesredaksjonen tok kontakt med alle kommunar som ikkje hadde svart, på både telefon, sms og e-post. Dette var eit arbeid som tok mykje tid. Til slutt fekk vi svar frå 274 av 365 kommunar, ein svarprosent på 77.

Det var også data som særleg mange av lokalavisene ynskte, men som vi ikkje hadde moglegheit eller kapasitet til å få tak i. Særleg gjaldt dette data på grunnkrinsnivå. Fleire ynskte til dømes tal på flytting i kommunar for å kunne undersøke om sentralisering også skjer i kommunar, og ikkje berre mellom store og små kommunar. Dette var tal SSB ikkje hadde, og som blei for tidskrevjande å få tak i frå kvar kommune. Her måtte lokalavisene i staden bruke lokalkunnskapen sin for å skrive om eventuell sentralisering inn mot kommunesenter.

3.2. Kapasitet i redaksjonane

Den største utfordringa visste vi om før vi starta; lokalavisene som er organiserte gjennom LLA er blant dei minste redaksjonane i landet. Nokre har berre éin journalist, dei største rundt ti redaksjonelle medarbeidarar. Å sette av tid til undersøkande journalistikk er vanskeleg i små redaksjonar, men heile prosjektet var avhengig av at aviser over heile landet klarte nett det. Nokre av grepa vi tok for å få det til er skildra i kapitla over, med Folkevandringsportalen, verkstadrom og direkte oppfølging frå rettleiarar frå SUJO.

Nokre redaksjonar, rundt 30 av dei som hadde meldt interesse for å vere med, fall likevel frå. For fleire var sjukemeldingar i redaksjonen årsaka, men også lokale smitteutbrot spela inn. Nokre aviser stod midt i dekninga av dette, og klarte ikkje gjere begge deler. Lokale smitteutbrot førte også til at det blei færre samarbeid mellom redaksjonar enn planlagd, særleg mellom lokalavisene og distriktskontora i NRK. Blant anna hadde NRK Nordland og Saltenposten planar om at ein journalist frå NRK skulle ha arbeidsstad i lokala til Saltenposten i fleire veker. Dette måtte avlysast på grunn av eit stort smitteutbrot i Bodø.

Ei anna hovudutfordring var at datagrunnlaget var svært omfattande. Dette skremde truleg også vekk nokre redaksjonar. Andre fekk berre tatt tak i delar av researchen. Gode, lokale journalistiske poeng blei difor liggande “ubrukte”.

Sett i ettertid skulle verkstadromma ha vart lengre. Etter å ha publisert fleire saker, fekk også redaksjonane nye tips og oppdaga nye samanhengar. Til dømes fekk fleire aviser heilt nye historier om mobbing og trakkassering då dei systematisk kontakta alle i eit årskull til saka om klassebiletet. Andre fekk høyre historier frå arbeidsinnvandrarar som synest det var vanskeleg å kome i kontakt med nordmenn. Nokon redaksjonar hadde også kome til eit punkt der dei skulle konfrontere kommuneleiarar og politikarar. Verkstadromma blei difor

avslutta på eit tidspunkt der mange små redaksjonar sat med store saksfelt og litt vanskeleg tilgjengeleg stoff i hendene.

Fleire aviser, som til dømes Arbeidets Rett, har likevel følgd opp på eigahand i ettertid. Seinast i desember 2021 publiserte avisa ei større sak der dei har sendt ut ei spørjeundersøking til utflyttarar frå fjellregionen. "De manglende tilbakeflytterne: Derfor kommer de ikke tilbake"¹⁰ viste at mangel på relevante arbeidsplassar, særleg for dei med høgare utdanning, er eit hinder.

3.3. Delekultur

Å dele journalistiske idear, før publisering, stirr på mange måtar mot måten vi er vand med å jobbe på som journalistar. Nokon av redaksjonane som deltok var også direkte konkurrentar, som til dømes Fjell-Ljom og Arbeidets Rett, som begge dekker Røros-området. Ikkje minst har NRK heile landet som dekningsområde, og samarbeidet redaksjonane imellom var avhengig av både tillit og klare retningsliner.

Verkstadromma var som før nemnd viktige for å skape ein delingskultur, og konkurrerande redaksjonar blei så langt det lot seg gjere plassert i ulike verkstadrom. LLA, SUJO og NRK hadde også laga nokre retningsliner for samarbeidet som blei delt med alle:

1. Datagrunnlaget skulle vere tilgjengeleg for alle.
2. Kvar redaksjon hadde ansvar for alt han publiserte.
3. Felles sperrefrist for saker basert på datagrunnlaget.
4. Vi skulle informere kvarandre før publisering ved behov.
5. Vi skulle styrke kvarandre sin journalistikk, og ha høg grad av kreditering og lenking.
6. Vi skulle løyse eventuelle konfliktar gjennom dialog.

Både NRK og lokalavisene delte idear, saker i arbeid og publiseringssplanar ope. At redaksjonane i «Den store folkevandringa» saman skapte ein tillit seg imellom som gjorde det mogleg å dele, blei ein avgjerande suksessfaktor for resultata som kom ut av samarbeidet.

Kapittel 4: Resultat

4.1. Publiserte saker

Undervegs i publiseringssperioden brukte vi både medieovervaking og manuell teljing av saker i lokalviser på papir og nett for å halde oversikt over publiserte saker. På førehand var det avtalt ein felles publiseringssperiode på tre veker i april. Då denne var over, hadde 63 lokalviser publisert til saman 428 saker. Teljinga heldt fram gjennom mai og starten av juni. Då LLA stoppa å telje 10. juni, hadde **68 lokalviser publisert til saman 608 saker.**

Aviser frå bokstaveleg talt heile landet publiserte saker. Dei aller fleste var små redaksjonar med 1 til 6 tilsette. Hovudvekta av sakene handla om flyttetala. Mange av lokalavisene hadde skrive om svingingar i folketalet før. For fyrste gong kunne dei no fortelje kor

¹⁰ <https://www.retten.no/de-manglende-tilbakeflytterne-derfor-kommer-de-ikke-tilbake/s/5-44-602298>

utflyttarane flytta til, og kor tilflyttarane kom frå. Til dømes kunne Folkebladet no dokumentere det såkalla “Tromsø-suget” distriktet slit med, med flyttetal for dei siste 20 åra.¹¹ Det førte til ein debatt på leiarplass mellom avisa og Nordlys om kva som truga distriktet mest: utflytting til Tromsø eller Oslo.¹²

Mange brukte også tal frå questback-undersøkinga til å skrive om tilflyttingstiltak og helsepersonellmangel. Gjennom spørjeundersøkinga hadde redaksjonane fått oversikt over tilflyttingstiltak i kvar enkelt kommune. Etter at kommunestyret i Tydal vedtok å opprette ei tilskotsordning for bustadbygging, undersøkte Selbyggen¹³ kva tilflyttingstiltak som fungerer i distrikta og ikkje. Tydal ville gje alle som bygde bustad i bygda 200.000 kroner i tilskot, og avisa undersøkte korleis liknande tiltak hadde fungert i kommunar andre stader i landet. Ei rekke aviser nytta også tala om kor unge frå kommunen møtte til studiestart til å skrive om desentralisert utdanning og kva som krevst for at unge kjem ”heim igjen”.

NRK – saker om dei nasjonale trekka

NRK publiserte ei rekke undersøkande saker basert på det felles datagrunnlaget. I den felles publiseringsperioden og fram til sommaren blei det 19 nettsaker med versjonar for radio og tv.¹⁴

Journalistar frå NRK Vestland, NRK Nordland og NRK Innanriks var del av fellesredaksjonen som hadde jobba fram datagrunnlaget, og desse stod også for fleire av sakene NRK publiserte. Men fleire andre redaksjonar i NRK bidrog også med saker, blant anna om bustadmangel i distrikta og fråflytting frå samiske område. Ei rekke andre NRK-redaksjonar brukte også datagrunnlaget i saker i den løpende nyhendedekninga.

Ved å kople tala frå Imdi over kor stor del av befolkninga i norske kommunar som består av innvandrar med sentralitetstal frå SSB fekk vi eit interessant funn: delen innvandrarar i dei minst sentrale kommunane i Noreg hadde vakse til 10 prosent sidan 2000-talet. I Vang i Valdres var talet 15 prosent. Samstundes fann vi opne tal frå SSB som synte at innvandringa til Noreg var på veg ned, og at nedgangen hadde starta allereie før pandemien. Sett saman med tala vi hadde på kor viktig innvandring var for befolkningsgrunnlaget i dei minst sentrale kommunane, kunne vi lage saka om at mindre innvandring var spesielt alvorleg for distriktskommunane.¹⁵

Eit av funna i researchen var at mangelen på bustadar er ei utfordring i distrikta. NRK publiserte fleire saker om **bustadmangelen**. For det er ikkje berre i byane at dei unge blir taparane. På Verøy har Sara Mathisen og sambuaren brukt over fem millionar kroner på å få skikk på eit gammalt hus. Kommunar som slit med fråflytting har ikkje bustader å tilby. Verdien på hus i distrikta er låg, og bankane vågar ikkje låne ut pengar til å bygge nytt.¹⁶ NRK laga

¹¹ <https://www.folkebladet.no/meninger/leder/2021/04/13/Troms%C3%B8-suget-og-den-store-folkevandringa-23794412.ece>

¹² <https://www.nordnorskdebatt.no/bomskudd-av-nordlys-om-folkeflukt/o/5-124-118788>

¹³ Selbyggen dekker Selbu og Tydal kommunar og har eit opplag på 2780. Avisa har tre redaksjonelt tilsette.

¹⁴ Alle nettsakene til NRK kan lesast her: <https://www.nrk.no/emne/folkevandringa-1.15455567>.

¹⁵ <https://www.nrk.no/norge/folkevandringa-innvandring-har-berga-folketalet-pa-bygda-men-no-er-det-brastopp.-1.15408070>

¹⁶ https://www.nrk.no/nordland/folkevandringa_sara_26_og_joachim_30_matte-gi-opp-a-bygge-hus-pa-vaeroy-i-lofoten-1.15453506

også ein oversikt over kommunane med flest sekundærbustader basert på innsyn hos Skatteetaten. Desse kommunane manglar også ein større leigemarknad. Det fører til at tilflyttarar som Bjørn-Ingar Opsetmoen, som flytta til Loppa, ikkje finn ein stad å bu.¹⁷ Saltenposten¹⁸ var blant avisene som laga eigne saker om bustadmangel¹⁹ og fekk tilbakemelding frå lesarar om at det var viktig å sette fokus på utfordringane rundt bustadbygging i distrikta.

Ein viktig ambisjon for “Den store folkevandringa” var også å få inn fleire motstemmer i debatten om flyttestraumane. Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar for folketalet i norske kommunar er eit viktig verktøy for både nasjonale og lokale styresmakter i samfunnsplanlegginga. Gjennom å studere tala og snakke med andre forskarar med kunnskap om befolkningsframskrivingar, fann vi ut at ikkje alle gjekk god for SSB sine framskrivingar. Fleire kommunar og fylke hadde begynt å lage eller bestille eigne analyser. Vi fann at Telemarksforskning sine analyser er dystrare enn SSB sine framskrivingar. NRK laga saka om at Telemarksforskning meiner befolkningsframskrivingane frå SSB er systematisk feil,²⁰ og fleire lokalaviser laga saker om forskjellar i SSB og Telemarksforskning sine framskrivingar for deira kommune.

Hovudbolken av den planlagde publiseringa til NRK blei avslutta med ei featuresak på nrk.no og Dagsrevyen om sjukepleiarmangelen som vil ramme distriktskommunar²¹ dei neste 20 åra. NRK Møre og Romsdal hadde ansvar for denne saka. Gjennom undersøkinga vi hadde sendt ut til alle landets kommunar, hadde vi fått kartlagt kor mange kommunar som var usikre på om dei ville kunne tilby heimetenester til alle, uansett kor i kommunen dei bur, i framtida. Ein av tre kommunar svarte at dei ikkje visste om dei ville kunne tilby heimebasert omsorg til alle om 20 år. Dette var nye tal som ikkje hadde blitt kartlagde før. I saka blir vi med til Sande i Møre og Romsdal, der nesten ein fjerdedel av befolkninga vil vere over 70 år i 2040. Sjukepleiar Marita må reise i to timer for å kome heim til 76 år gamle Bjørg som bur på øya Sandsøya. Kommunedirektøren innrømmer at dei ikkje veit korleis dei skal klare å oppretthalde tilbodet i framtida, med den varsle sjukepleiarmangelen.

Å få kommunedirektørar til å innrømme dette, var vanskelegare enn vi hadde venta. Vi snakka med mange av kommunane som hadde svart at dei var usikre i undersøkinga, men det var vanskeleg å få nokon til å stille opp og seie i klartekst kva konsekvensane ville bli. Redaksjonen som fann kommunedirektøren som torde vere tydleg var Kvinnheringen.²² Ragnhild Bjerkvik sa til avisat at eldrebølgja og sjukepleiarmangel i verste fall kan føre til at det ikkje blir mogleg å tilby like tenester i heile kommunen. Ho rådde folk i utkantane til å legge til rette for alderdomen i eige hus og skaffe seg skikkeleg fiber: ”*Den*

¹⁷ <https://www.nrk.no/nordland/tross-mange-tomme-hus-er-det-boligmangel-i-loppa-i-finnmark--steigen-i-nordland-kan-ha-losninga-1.15486028>

¹⁸ Saltenposten dekker kommunane Fauske, Beiarn, Saltdal og Sørfold, og har eit opplag på 4384. Avisa har 6 redaksjonelt tilsette.

¹⁹ <https://saltenposten.no/helg/jeg-tror-en-god-del-flere-kunne-bodd-pa-bygda-om-de-ikke-fulgte-strommen/19.28525> <https://saltenposten.no/helg/hege-folte-at-hun-matte-satse-250-prosent/19.28524>

²⁰ <https://www.nrk.no/nordland/folkevandringa-telemarksforskning-mener-ssb-bommer-systematisk-pa-befolkingstall-1.15455841>

²¹ <https://www.nrk.no/mr/xl/folkevandringa-eldrebolgen-og-sykepleiermangel-truer-hjemmetjenesten-i-framtiden-1.15444620>

²² <https://www.kvinnheringen.no/trur-ikkje-kommunen-vil-kunna-hjelpa-alle-i-framtida-bor-opna-meir-opp-for-private-tenester/s/5-27-286065>

einskilde bør tenka gjennom om ein ikkje bør ta imot litt hjelp frå private omsorgsfirma. Eg trur ikkje kommunen vil makta å hjelpe alle i framtida." Det same sa Bjerkvik då Debatten²³ på NRK handla om flyttestraumen frå bygda og konsekvensar for norske kommunar. Ei kjelde NRK ikkje hadde klart å finne fram til utan samarbeidet med lokalavisene og Kvinnheringen.

Publisering av nokre av funna i datamaterialet blei utsett til over sommaren og til valkampen. Blant desse var funn frå spørjeundersøkinga som viste at norske kommunar meiner utflytting av statlege arbeidsplassar er tiltaket som er viktigast for å gjere dei attraktive.²⁴ I same spørjeundersøking hadde vi også kome over ein interessant kommentar. Island blei vist til som eit land som hadde gjort det mogleg å jobbe desentralisert for statstilsette. Då vi undersøkte vidare, viste det seg at regjeringa på Island har mål om at 10 prosent av alle statlege stillingar skal bli lyste ut utan fast arbeidsstad. Vi reiste til Island for å møte ein av dei som har fått ei slik stilling. Saka om Ingvi Hrannar Ómarsson blei del av debatten om desentraliserte arbeidsplassar i innspurten av stortingsvalkampen.²⁵

4.2. Konsekvensar

Med nye data om flyttemønster mellom kommunar, kunne redaksjonane gi ny informasjon til lesarar og utfordre avgjerdstakrar.

Politiske reaksjonar og vedtak

Ei av avisene som gjorde dette, var Bømlo-nytt. Undersøkingane deira viste at folketalsutviklinga i kommunen var dyster, og at det påverka både økonomi og tenestetilbod i kommunen. Avisa konfronterte kommunedirektøren, og administrasjonen måtte svare på kva utviklinga ville føre til. Det førte til at Bømlo-nytt kunne publisere saker som viste at dersom det blei færre folk og fleire eldre, kunne ikkje innbyggjarane forvente det same tenestetilbodet.²⁶

Bømlo-nytt sine undersøkingar viste også ei skeivfordeling mellom kjønna. Det var langt fleire unge menn enn damer i Bømlo. Dei undersøkte difor vidare om arbeidsmarknaden var del av problemet, og om det var nok typiske "kvinnearbeidsplassar". Etter å ha bedt kommuneleiinga legge fram tal, viste det seg at det til dømes var for få heiltidsstillingar til sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Sakene førte til debatt i kommunestyret. Intervju avisa gjorde med ungdommar frå kommunen som gjekk siste året på vidaregåande, viste at dette var ein av årsakene til at unge var usikre på om dei ville flytte heim att.²⁷ Bømlo-nytt skriv framleis saker om problemstillinga, og om ein manglande heiltidskultur i kommunen.²⁸

Gjennom å bruke ei rekke undersøkande grep har lokalavisene fått fram informasjon som er viktig for avgjerdstakrar lokalt. I etterkant svarte 56,6 prosent i evalueringa at dei hadde konfrontert eller ansvarleggjort kjelder som politikarar eller kommuneadministrasjon.

²³ Debatten 22.4.21 <https://tv.nrk.no/se?v=NNFA51042221>

²⁴ <https://www.nrk.no/vestland/kommunar-meiner-statlege-arbeidsplassar-vil-gjere-dei-meir-attractiv-1.15613071>

²⁵ <https://www.nrk.no/norge/pa-island-far-stadig-fleire-statlege-tilsette-bu-der-dei-sjolv-onskjer-1.15641959>

²⁶ <https://www.bomlo-nytt.no/nyhende/slik-ser-administrasjonen-bomlo-kommune-i-framtida/>

²⁷ <https://www.bomlo-nytt.no/nyhende/russen-dreg-ut-mange-vil-komma-tilbake/>

²⁸ <https://www.bomlo-nytt.no/nyhende/bomlo-kommune-kjem-darleg-ut-i-ny-undersoking-all-grunn-til-a-halde-trokket-oppe/>

Kvar tredje respondent svarer at sakene har ført til politiske reaksjonar og debatt, lesarinnlegg eller at dei blei siterte i andre medium.

"Vi ser at sakene våre rundt Folkevandringa har bidratt til auka politisk debatt og merksemd, spesielt rundt folketalsutviklinga," fortel journalist i Hallingdølen, Tor Folgerø. Blant anna vil Gol kommune no tilsette ein «rekryteringsansvarleg». Denne skal ta fatt i tematikken rundt «klassebildet-saka» som Hallingdølen laga; spore fråflytta i ulike årskull og intervjuer dei med håp om å lokke dei heim igjen. Eit anna døme er Kyst og Fjord²⁹, som avdekte at industrikommunane langs kysten truleg går glipp av store beløp kvart einaste år fordi dei ikkje buset fleire gjestearbeidrarar. Gamvik kommune seier dei vil kartleggje omfanget.³⁰

Avisa Dølen³¹ skreiv rundt 60 saker basert på datagrunnlaget. Sakene om folketalsutvikling, flyttetal og innvandrarbefolkninga førte til at kommunen no skal jobbe med rekryteringstiltak basert på informasjonen som har kome fram gjennom prosjektet. Administrasjonen jobbar no med tiltak og vurderer å tilsette ein velkomstsjef og å tilby velkomstpakker. Særleg sakene om kor viktig innvandrarar er for folketalet, meiner redaktør Tone Sidsel Sanden har gitt folk ny kunnskap. "Ein har hatt asylmottak med mykje "negativitet", medan ein no har synleggjort kor mykje innvandrarane betyr, noko som har gitt meir positivitet," seier ho.

Dølen skreiv også ei rekke saker om sjukepleiarmangel og utsikta til eldreomsorga dei neste tiåra. Sakene skapte mykje debatt, særleg på sosiale medium. Sjukepleiarmangelen blei tatt opp gjennom interpellasjonar i kommunestyret. Det enda i eit vedtak om at kommunen skal jobbe med rekryteringstiltak for å hindre at han blir ein tapar i rekrytering av både legar og anna helsepersonell. Dølen brukte mykje tid på å hente inn eigne tal. Gjennom dei blei innbyggjarane gjort kjende med at dei ikkje kan vente å få pleie i heimane sine i framtida om dei bur langt vekke frå kommunesentera. Avisa skreiv også mykje om at helsepersonell ikkje får fulle stillingar. Dette kom seinare opp i kommunestyret, og administrasjonen har fått i oppgåve å greie ut og legge til rette for at fleire skal få heiltidsstillingar.

Avisa OPP laga også ein større artikkel med ein nyttilsett sjukepleiar som ynskte seg 100 prosent stilling, men berre fekk 50. Det førte mellom anna til at ho ikkje fekk huslån. Oppdal kommune svara at dei ønsktene å jobbe mot ein heiltidskultur. I etterkant av saka har kommunen søkt om, og fått pengar frå fylkeskommunen, til å opprette ei prosjektstilling som skal jobbe for å få til større stillingar for sjukepleiarar og helsepersonell. I mellomtida har sjukepleien i saka flytta og fått seg ei full stilling i ein annan kommune. Ho seier til avisat at ho må få ei 100 prosent stilling og høgare løn før ho flyttar tilbake til Oppdal.

Også sakene med unge kjelder førte til viktige saker lokalt. Storfjordnytt³² avdekkja eit samfunnsproblem i kommunen då dei intervjuer alle tiandeklassingane om framtida: om dei

²⁹ Kyst og Fjord held til i Kjøllefjord, men dekker heile kystnoreg. Dei har fire redaksjonelt tilsette og eit opplag på 2631.

³⁰ <https://www.kystogfjord.no/nyheter/forsiden/Tror-de-taper-stort-paa-aa-ikke-bosette-flere-sesongarbeidere-fast>

³¹ Dølen dekker kommunane Ringebu, Sør-Fron og Nord Fron i Midt-Gudbrandsdalen, og har eit opplag på 4355. Avisa har fire redaksjonelle tilsette; ein redaktør og tre journalistar.

³² Storfjordnytt har redaktør og ein journalist i halv stilling. Avisa dekker Fjord kommune og har eit opplag på 1287.

vil flytte når dei skal gå på skule og om dei vil flytte heim på sikt.³³ Då avisa spurde kva dei ville endre i kommunen, kom kritikken: «Eg ville aller først tatt tak i rasisme og kjønnsdiskriminering. Det er ein av dei viktigaste grunnane til at eg ikkje vil bu her i framtida.» Dette blei stadfesta av fleire av dei andre elevane. Ein av dei sa at dei ikkje ville la eigne barn vekse opp i eit samfunn som normaliserte rasistiske stereotypiar. Avisa hadde opne intervju med alle elevane, men dei valde å anonymisere dei som kom med kritikk av rasisme og kjønnsdiskriminering. Avisa følgde opp med leiarartikkel, som både framheva det dei unge sa, viste til forsking og refsa dei vaksne i kommunen. Dei skreiv også ei større oppfølgarsak der sentrale politikarar i kommunen blei intervjuet.³⁴ Tiandeklassingane gjentok seinare utfordringa til bygda då dei haldt 17.mai-tala same vår.

Nye kjelder

Ifølgje Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (Imdi) er personar med innvandrarbakgrunn underrepresenterte i det norske mediebiletet.³⁵ For fleire aviser blei "Den store folkevandringa" ein veg inn til nye kjelder i lokalsamfunnet.

Flatangernytt³⁶ fann ut at kvar fjerde mann mellom 30 og 54 år som bur i Flatanger er frå utlandet. Dei aller fleste er arbeidsinnvandrarar frå Litauen, og avisa intervjuet ein familie som hadde busett seg i kommunen.³⁷ Redaksjonen i Sogn Avis blei også overraska over kor mange austeuropeiske innvandrarar som budde i regionen. "I Sogn har vi ikkje store bedrifter - som til dømes fiskeforeldringbedriftene - som trekker store grupper med arbeidsinnvandrarar. Gjennom Folkevandringsprosjektet oppdaga vi at arbeidsinnvandrarane likevel var mange, men meir spreidde rundt i ulike bedrifter" fortel journalist Renate Sæle. Avisa skreiv blant anna om innvandrarkvinner og kva som skal til for at dei skal bli verande; ein stad å bu og ein jobb.³⁸ Det er dyrt å bu i Sogndal, men kvinna i saka har no fått jobb. Sakene om innvandrarar blei godt lesne, og avisa meiner tala også overraska publikum. Saltenposten fekk også nye stemmer inn i avis. Dei intervjuet blant anna ein familie frå Bulgaria og ein familie frå Sudan. "Vi fekk mykje positive tilbakemeldingar frå lesarane. Dei synest det var interessant å lese om folk sine historier og å sjå nye fjes i avis," fortel journalist Eva S. Winther.

Innvandringstala førte i Andøyposten³⁹ til at dei oppdaga ei historie som har ført til mange rundar med innsyn og klager. Andøy kommune ynskjer både fleire innbyggjarar og helsepersonell. Sudanske Sarra Elmahri er lege, men trøng økonomisk støtte for å få godkjend utdanninga i Noreg. Det fekk ho ikkje i Andøy, og familien flyttet difor til

³³ <https://www.storfjordnytt.no/2021/samfunn/ungdommane-vare-er-usikre-pa-om-bygda-er-framtida/>

³⁴ <https://www.storfjordnytt.no/2021/samfunn/folketsutviklinga-og-kven-som-har-ansvaret-for-det-er-ifolge-politikarane-i-fjord-eit-samansett-sporsmal-med-eit-like-samansett-svar/>

³⁵ <https://www.imdi.no/om-imdi/rapporter/2021/innvandring-og-integrering-i-norske-medier-2020/>

³⁶ Flatangernytt dekker Flatanger kommune og har eit opplag på 760. Dei har to tilsette.

³⁷ <https://flatangernytt.no/innvandring-redder-folketallet-i-flatanger/26.04-12:15>

³⁸ <https://www.sognavis.no/fatuma-33-hapar-a-finna-jobb-i-sogndal-eg-vil-tena-pengar-til-meg-sjolv-og-borna/f/5-115-615884>

³⁹ Andøyposten dekker Andøy kommune og har eit opplag på 1780. Avisa har tre redaksjonelt tilsette.

Kristiansand.⁴⁰ Kommunen har i ettertid uttalt til avisa at dei ikkje er nøgd med korleis dei handterte saka, og vil lære av den.

I etterkant av prosjektet sende vi ut ei evaluering til alle som hadde delteke i lokalavisene. **45,5 prosent svarte at dei hadde kome i kontakt med nye grupper kjelder, hovudsakeleg innvandrarar og unge, gjennom "Den store folkevandringa".** Mange svarte også at dei hadde vore meir ute og snakka med folk i arbeidet med folkevandringssakene. 32,7 prosent svarte at det hadde skjedd i "svært stor grad".

Hallingdølen⁴¹ brukte både flyttetala frå SSB og tal frå Imdi for å kartleggje kor dei som flyttar til Hallingdal kjem frå.⁴² Ei gruppe peika seg ut. Polakkar utgjorde 22 prosent av alle innvandrarane i dalen. I 2020 var det 652 personar. Då avisa intervjuva eit polsk ektepar som hadde busett seg på Torpo for over ti år sidan, kom ideen om å omsetje saka til polsk. Artikkelen blei publisert på både polsk⁴³ og på norsk⁴⁴, både i papiravisa og på nett, og den polske varianten blei best lesen.

Også for Vest-Telemark Blad har prosjektet ført til nye stemmer i avisa, både unge og innvandrarar. Dei er no i gang med eit streaming-prosjekt saman med vaksenopplæringa i kommunen, der innvandrarar skal ha TV-sendingar med nyhende på ulike språk. Det hadde ikkje skjedd utan "Den store folkevandringa".

Kunnskapsbasert debatt

Også i tida etter at prosjektet blei avslutta, har både lokalviser og NRK laga saker som spring ut av "Den store folkevandringa". Eitt av hovudmåla var å sikre meir undersøkande journalistikk om migrasjon og flyttemønster i Noreg. Både gjennom tilgang på data, og gjennom å auke den undersøkande kompetansen i lokalavisene. Difor ventar vi fleire konsekvensar av prosjektet i lokalsamfunn i heile Noreg i tida framover.

Ei årsak er at debatten om busetnad i Noreg har blitt meir opplyst og faktabasert, og vi meiner "Den store folkevandringa" har bidratt til det. Dei over 600 sakene som lokalavisene har publisert om sine dekningsområde har hatt betydning for kunnskapsnivået hos styresmakter lokalt.

I løpet av koronapandemien har også debatten om sjukepleiarmangelen i Noreg fått ein mykje større plass i norsk offentlegheit. Vi kan ikkje ta æra for det, men meiner å sjå at også sjukepleiarmangelen i distriktskommunar blir meir diskutert no enn før. Det trur vi den undersøkande journalistikken vår har bidratt til.

⁴⁰ <https://www.vol.no/nyheter/2021/04/27/M%C3%A5tte-flytte-fra-And%C3%B8y-for-%C3%A5-bli-godkjent-lege-23874539.ece>

⁴¹ Hallingdølen har 15 redaksjonelt tilsette. Avisa dekker Hol, Gol, Ål, Hemsedal, Nes, Flå, Nore og Uvdal kommunar og har eit opplag på 10.084.

⁴² <https://www.hallingdolen.no/nyheter/kven-flyttar-til-hallingdal/>

⁴³ <https://www.hallingdolen.no/bustad-og-eigedom/to-torpo-jest-naszym-domem/>

⁴⁴ <https://www.hallingdolen.no/bustad-og-eigedom/for-oss-er-det-torpo-som-er-heime/>

Kapittel 5. Kva lærte vi?

68 lokalaviser og NRK publiserte over ein periode på to månader 627 saker om kva flyttestraumane gjer med landet vårt. Alle desse undersøkande sakene teiknar til saman eit langt betre bilet av flyttestraumane i Noreg enn nokon redaksjon kunne ha gjort åleine. Frå konsekvensane i små lokalsamfunn der det knapt blir fødd barn lenger, til byområda der bustadprisane gjer det vanskeleg for unge. I både bygd og by vil helsepersonellmangelen bli alvorleg i åra som kjem, men små kommunar vil truleg slite mest. Dei lokale historiene fortel lokalavisene aller best. Den store historia må vi fortelje saman.

Den store folkevandringa viste at det er mogleg å samarbeide om journalistikk, og gjennom det gjere små historier store.

Haldningar til å samarbeide var nok i større grad eit hinder før. For oss handla utfordringane mest om praktisk gjennomføring når så mange redaksjonar skal ha tilgang til det same researchmaterialet med felles sperrefrist.

Vi lærte at det er krevjande å skape eigarskap til felles materiale, og at lokalaviskvarden gjer det vanskeleg å førehandprodusere journalistikk. Men at deling av saker både før og etter publisering senker terskelen for å sette seg inn i data og finne eigne vinklar. Ikkje minst lærte vi at det ikkje er ei ulempe at mange går for dei same journalistiske ideane så lenge lesarane synest sakene er gode.

Tilliten redaksjonane i mellom i "Den store folkevandringa" heva kvaliteten på journalistikken. Vi fann fram til betre kjelder ved å dele kunnskap, vi drog nytte av kvarandre sine metodar når vi stod fast, og ideane vi kom fram til kvar for oss blei betre gjennom diskusjonar i verkstadromma - vi blei betre av å dele.

Særleg i formidlinga av komplekse tema, som flyttemønster og helsepersonellmangel, var samarbeidet positivt. Det skapte gode journalistiske grep som nådde fram til lesarane. Klassebiletet var ein av dei. Ideen er enkel, men enkle journalistiske grep må til for å skape engasjement og nærliek til konsekvensane. Flyttestraumane blir handfaste når ein ser kor mange på klassebiletet som har blitt i bygda og kor mange som har reist. Men slike enkle journalistiske grep fungerer også for å forklare kor alle som flyttar på seg i Noreg blir av – og kva det betyr.

I eit land som vårt treng vi å samarbeide om vi skal fortelje historiene om dei store utviklingstrekka. Det klarer verken store eller små redaksjonar åleine.

Og sakene blir betre av det.

Vedlegg:

Deltakande redaksjonar

- 1 Alvdal midt i væla/Tynsetingen
- 2 Andøyposten
- 3 Arbeidets Rett
- 4 Avisa Hemnes
- 5 Bladet Vesterålen
- 6 Bygdebladet Randaberg og Rennesøy
- 7 Bygdebladet
- 8 Bø Blad
- 9 Bømlo-nytt
- 10 Dølen
- 11 Enebakk Avis
- 12 Finnmarksposten
- 13 Fjell-Ljom
- 14 Fjordabladet
- 15 Fjuken
- 16 Flatangernytt
- 17 Folkebladet
- 18 Geita
- 19 Grannar
- 20 Grenda
- 21 Hallingdølen
- 22 Hammerfestingen
- 23 Hardanger Folkeblad
- 24 Hordaland Folkeblad
- 25 Hordaland
- 26 Inderøyningen
- 27 Kanalen
- 28 Kronstadposten
- 29 Kulingen
- 30 Kvinnheringen
- 31 Kyst og Fjord
- 32 Lister
- 33 Mitt Kongsvinger
- 34 Nordhordland
- 35 Nordre
- 36 Nye Troms
- 37 Nynorsk pressekontor
- 38 Opdalingen
- 39 Os og Fusaposten
- 40 Raumnes

41	Ringsaker Blad
42	Ryfylke
43	Ságat - Samisk avis
44	Saltenposten
45	Samningen
46	Sandnesposten
47	Selbyggen
48	Sogn Avis
49	Solabladet
50	Stangeavisa
51	Steinkjer-Avisa
52	Storfjordnytt
53	Suldalsposten
54	Sunnhordland
55	Synste Møre
56	Tysnes
57	VaksdalPosten
58	Vestavind
59	Vestby Avis
60	Vesteraalens Avis
61	Vestlandsnytt
62	Vestnesavisa
63	Vest-Telemark blad
64	Vigga
65	VOL online
66	Ytre Sogn
67	Ytringen
68	Østhavet
69	NRK - med ei rekke redaksjonar

Utvalde publiserte saker

Lokalavisene:

Andøyposten: «Måtte flytte frå Andøy for å bli godkjent lege»

<https://www.vol.no/nyheter/2021/04/27/M%C3%A5tte-flytte-fra-And%C3%B8y-for-%C3%A5-bli-godkjent-lege-23874539.ece>

Bømlo-nytt: «Kor e alle damene hen?» <https://www.bomlo-nytt.no/nyhende/kor-e-alle-damer-hen/>, «Russen dreg ut, mange vil kome tilbake» <https://www.bomlo-nytt.no/nyhende/russen-dreg-ut-mange-vil-komma-tilbake/>

Dølen: «Kun 12 av 103 sjukepleiarar i Midtdalen er under 30 år» <https://www.dolen.no/nyheter/2021/04/29/Kun-12-av-103-sjukepleiarar-i-Midtdalen-er-under-30-%C3%A5r-Det-kjem-til-%C3%A5-bli-ei-utfordring-%C3%A5-ha-nok-hender-i-framtida-23797435.ece?rs6259771620042550446&t=1>, «Familien Gunduz og 2448 andre frå utlandet hindrar avfolking av Midtdalen: - Har vi jobb, så ønskjer vi å bli» <https://www.dolen.no/nyheter/2021/04/13/Familien-Gunduz-og-2448-andre-fr%C3%A5-utlandet-hindrar-avfolking-av-Midtdalen-Har-vi-jobb-s%C3%A5-%C3%88nskjer-vi-%C3%A5-bli-23778605.ece>

Flatangernytt: «Innvandring redder folketalet i Flatanger» <https://flatangernytt.no/innvandring-redder-folketallet-i-flatanger/26.04-12:15>

Folkebladet: «Tromsø-suget og den store folkevandringa» <https://www.folkebladet.no/meninger/leder/2021/04/13/Troms%C3%88-suget-og-den-store-folkevandringa-23794412.ece>

Hallingdølen: «- For oss er Torpo som heime» <https://www.hallingdolen.no/bustad-og-eigedom/for-oss-er-det-torpo-som-er-heime/>, “To torpo jest naszym domem” <https://www.hallingdolen.no/bustad-og-eigedom/to-torpo-jest-naszym-domem/>, “Kven flyttar til Hallingdal?” <https://www.hallingdolen.no/nyheiter/kven-flyttar-til-hallingdal/>

Hammerfestingen: “Eva: - Overraskende at så flytter sørover” <https://hammerfestingen.no/nyhet/overraskende-at-sa-fa-flytter-sorover/19.1241>, “Sykepleierstudenten som ble værende” <https://hammerfestingen.no/nyhet/sykepleierstudenten-som-ble-varende/19.1232>

Hordaland Folkeblad: «Den store folkevandringa» <https://lla.no/wp-content/uploads/2021/04/Hordaland-Folkeblad-folkevandringa.pdf>

Kvinnheringen: “Trur ikkje kommunen vil kunne hjelpe alle i framtida: - Bør opna meir opp for private tenester” - <https://www.kvinnheringen.no/trur-ikkje-kommunen-vil-kunna-hjelpa-alle-i-framtida-bor-opna-meir-opp-for-private-tenester/s/5-27-286065>

Kyst og Fjord: "Arbeidsinnvandrerne domminerer på kysten" <https://www.kystogfjord.no/nyheter/forsiden/Arbeidsinnvandrerne-dominerer-paa-kysten>, "Her

løftet havbuket folketallet voldsomt" <https://www.kystogfjord.no/nyheter/forsiden/Her-loeftet-havbruket-folketallet-voldsomt>, "Tror de taper stort på å ikkje bosette fleire sesongarbeidere fast" <https://www.kystogfjord.no/nyheter/forsiden/Tror-de-taper-stort-paa-aa-ikke-bosette-flere-sesongarbeidere-fast>

Saltenposten: "Jeg tror en del flere kunne bodd på bygda om de ikke fulgte strømmen" <https://saltenposten.no/helg/jeg-tror-en-god-del-flere-kunne-bodd-pa-bygda-om-de-ikke-fulgte-strommen/19.28525> <https://saltenposten.no/helg/hege-folte-at-hun-matte-satse-250-prosent/19.28524>

Selbyggen: "Mange glemmer dette i kampen om nye innbyggere" <https://selbyggen.no/2021/nyheter/stor-gjennomgang-dette-lokker-nye-innbyggere-til-distriktene-tilflyttingsarbeid/>

Sogn Avis: "Fatuma (33) håpar å finna jobb i Sogndal: - Eg vil tene pengar til meg sjølv og borna" <https://www.sognavis.no/fatuma-33-hapar-a-finna-jobb-i-sogndal-eg-vil-tena-pengar-til-meg-sjolv-og-borna/f/5-115-615884>, "Silje (32) var i tenkeboksen, no har ho selt leilegheita i Sogn» <https://www.sognavis.no/silje-32-var-i-tenkjeboksen-no-har-ho-selt-leilegheita-i-sogn/f/5-115-613949>

Storfjordnytt: «Ungdommane våre er usikre på om bygda er framtida» <https://www.storfjordnytt.no/2021/samfunn/ungdommane-vare-er-usikre-pa-om-bygda-er-framtida/>, «Folketalsutviklinga og kven som har ansvaret for det er ifølgje politikarane i Fjord eit samansett spørsmål med eit like samansett svar» <https://www.storfjordnytt.no/2021/samfunn/folketalsutviklinga-og-kven-som-har-ansvaret-for-det-er-ifølgje-politikarane-i-fjord-eit-samansett-sporsmal-med-eit-like-samansett-svar/>

Suldalsposten: "Byen freistar når suldølen flyttar frå Suldal" <https://www.suldalsposten.no/nyhende/byen-freistar-nar-suldolen-flyttar-fra-suldal/>

Sunnhordland: "David (23) følgjer draumen om å bli sjukepleiarstudent i Bergen" <https://www.sunnhordland.no/nyhende/david-23-folgjer-draumen-om-a-bli-sjukepleiarstudent-i-bergen/>

Vaksdalposten: "Dei viktige innvandrarane" <https://www.vaksdalposten.no/nyhende/den-store-folkevandringa-dei-viktige-innvandrarane/>, "Flytta frå Syria til Vaksdal, lokalsamfunnet tok imot dei med opne armar" <https://www.vaksdalposten.no/nyhende/flytta-fra-syria-til-vaksdal-lokalsamfunnet-tok-imot-dei-med-opne-armar/>

Vest-Telemark Blad: "Klassembildet: Åmot skule 2005/2006 - kvar blei dei av?" <https://www.vtb.no/nyhende/klassembildet-amot-skule-2005-2006-kvar-er-dei-no/>, "Det har flytta folk mellom alle kommunane i Vest-Telemark sei siste 20 åra, med eitt

unntak” <https://www.vtb.no/nyhende/det-har-flytta-folk-mellom-alle-kommunane-i-vest-telemark-dei-siste-20-ara-med-eitt-unntak/>

Fleire saker frå lokalavisene er samla på lla.no: <https://lla.no/idebanken/den-store-folkevandringa-her-kan-du-se-publiserte-saker/>

NRK:

12.4.21 “Innvandringa har berga folketalet på bygda. Men no er det bråstopp” [https://www.nrk.no/norge/folkevandringa -innvandring-har-berga-folketalet-pa-bygda.-men-no-er-det-brastopp.-](https://www.nrk.no/norge/folkevandringa-innvandring-har-berga-folketalet-pa-bygda.-men-no-er-det-brastopp.-)

[1.15408070 TV: https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/202104/NNFA19041221/](https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/202104/NNFA19041221/)

15.4.21 “Sara (26) og Joakim (30) måtte gi opp å bygge nytt på Værøy i Lofoten” [https://www.nrk.no/nordland/folkevandringa -sara- 26 -og-joachim- 30 -matte-gi-opp-a-bygge-hus-pa-vaeroy-i-lofoten-](https://www.nrk.no/nordland/folkevandringa-sara-26-og-joachim-30-matte-gi-opp-a-bygge-hus-pa-vaeroy-i-lofoten-)

[1.15453506 TV: https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/202104/NNFA19041521/avspiller#t=24m42s](https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/202104/NNFA19041521/avspiller#t=24m42s)

17.4.21 “Den store folkevandringa” [https://www.nrk.no/vestland/xl/folkevandringa -fraflytting-av-ungdom-forer-til-fleire-eldre-og-faerre-barn-pa-bygda-1.15425204](https://www.nrk.no/vestland/xl/folkevandringa-fraflytting-av-ungdom-forer-til-fleire-eldre-og-faerre-barn-pa-bygda-1.15425204)

3.5.21 “Rekker omsorgen fram?” [https://www.nrk.no/mr/xl/folkevandringa -eldrebolgen-og-sykepleiermangel-truer-hjemmetjenesten-i-framtiden-1.15444620](https://www.nrk.no/mr/xl/folkevandringa-eldrebolgen-og-sykepleiermangel-truer-hjemmetjenesten-i-framtiden-1.15444620)

21.4.21 “Telemarksforsking mener SSB bommer systematisk om befolkningstall” [https://www.nrk.no/nordland/folkevandringa -telemarksforskning-mener-ssb-bommer-systematisk-pa-befolkingstall-1.15455841](https://www.nrk.no/nordland/folkevandringa-telemarksforskning-mener-ssb-bommer-systematisk-pa-befolkingstall-1.15455841)

26.8.21 “Statleg jobb lokka Siv til Hardanger – norske kommunar vil ha jobbar til fleire som ho” <https://www.nrk.no/vestland/kommunar-meiner-statlege-arbeidsplassar-vil-gjere-dei-meir-attraktive-1.15613071> TV: <https://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-vestlandsrevyen/202108/DKHO98082621/avspiller#t=2m24s>

30.9.21 “Realistisk at 4 av 10 å jobbe innan helse og omsorg” <https://www.nrk.no/vestland/realistisk-at-4-av-10-ma-jobbe-innan-helse-og-omsorg-1.15546826>

11.9.21 “Ingvi vart buande på bygda då han fekk draumejobben i departementet” <https://www.nrk.no/norge/pa-island-far-stadig-fleire-statlege-tilsette-bu-der-dei-sjolv-onskjer->

[1.15641959 TV: https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/202109/NNFA02091121/avspiller](https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/202109/NNFA02091121/avspiller)(19:29)

Alle nettsaker frå NRK er samla her: <https://www.nrk.no/emne/folkevandringa-1.15455567> Ei rekke saker har også blitt sendt i Dagsrevyen, lokale TV-sendingar og på NRKs radiokanalar.